



Vår dato:

01.09.2021

Vår ref:

2021/47

Dykkar dato:

05.07.2021

Dykkar ref:

LUNING-2020000438-  
24

Vang kommune  
Tyinvegen 5161  
2975 VANG I VALDRES

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Ingunn Midtgård Høyvik, 61 26 60 30

## Uttale - Vang - reguleringsplan - Reikesteinsøddin

Vi viser til sending fra Vang kommune dagsett 05.07.21. Saka gjeld detaljregulering for Reikesteinsøddin, planID 2020002, som sendast på høyring og offentleg ettersyn.

Slik som Statsforvaltaren i Innlandet forstår planforslaget, dreier det seg her om endring av gjeldande plan på følgande punkt:

- VA-plan,
- Areal til reinseanlegg,
- Endra arealformål på gnr/bnr 2/198,
- Legge til rette for etablering av el-ladepunkt.

Statsforvaltaren har følgande merknader til saka:

### Samfunnstryggleik og beredskap

Det er utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalyse for reguleringsplanen. Analysen er laga i tråd med Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap sin rettleiar *Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging*. Det er teke utgangspunkt i analysen som vart utarbeidd til gjeldande plan som vart vedteke i 2017 og lagt til vurderingar med utgangspunkt i dei endringane som er føreslege i planforslaget.

Uønskte hendingar er vurdert med hjelp av analyseskjema gjeve i DSB sin rettleiar frå 2017. Det er identifisert 21 uønskte hendingar, der 1 har raud risiko, 6 gul risiko og 14 har grøn risiko. Hendinga med raud risiko er vidare analyser i hjel av DSB sitt analyseskjema. Dette gjeld at vêr og føre hindrar åtkomst til området. Det er opplyst i analysen at vegvesenet har gjort grep med kontrollerte snøskred dei seinare åra, og at det er scooterberedskap i nærheita.

Delar av planområdet kan vere utsett for snø- og sørpeskred, det er også to eksisterande bygningar som er innafor faresona. Fareområda er markerte om omsynssone med planføresegn som slår fast at det ikkje kan etablerast bygg og tiltak i strid med reglar for tiltak i skredutsatte områder innafor fareområda utan at det er dokumentert skredsikkerheit frå fagkyndige instansar. I samband med behandlinga av utlegging på høyring, har hovudutval for utvikling bede om at det vert innhenta



fagleg bistand frå NVE til å vurdere om snøskredfare er tilstrekkeleg utgreia. Vi legg til grunn at kommunen får fråsegn frå Norges vassdrags- og energidirektorat slik at faglege vurderingar som gjeld skred blir ivareteke.

Kommunen vurderer at analysen synleggjer potensiell risiko for planområdet og at risikoreduserande tiltak er innarbeidd i planen. Konklusjonen i analysen syner at det er få aktuelle hendingar som fører til nemneverdig risiko for menneske og bygningar.

Ut over dette har vi ingen merknader til planforslaget. Ut ifrå kva vi kan sjå, rører ikkje planforslaget ved andre nasjonale eller regionale interesser som vi er sett til å ivareta.

Med helsing

Øyvind Gotehus (e.f.)  
avdelingsdirektør

Ingunn Midtgård Høyvik  
seniorrådgiver

*Dokumentet er ele*

Kopi til:

Innlandet fylkeskommune	Pb. 4404	2325	HAMAR
Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO